



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Volda rådhuset, Voldsfjorden og Austefjorden  
**Dato:** 02.10.2019  
**Møtet starta** Kl. 11.15  
**Møtet slutta** Kl. 12.50

#### Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar. Ikkje i sak 38, 39 og 40
Stina Aasen Lødemel	Medlem.
Peder Slenes	Medlem.
Kari Janne Myklebust	Medlem

#### Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

#### Frå Vest kontroll//andre møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.
Karoline Sighaug	Konsulent I deler av sak 42
Bodhild Laastad	Oppdragsansvarlig revisor (ekstern revisor). I sak 42

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

#### Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
Eldar Øye	Ass. rådmann
Jan Inge Bueide	Økonomileiar

## **SAKLISTE**

- SAK 37/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 38/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 39/19 MELDINGAR
- SAK 40/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 41/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA
- SAK 42/19 SELSKAPSKONTROLL AV VØR IKS

Ein opna møtet og sak 37. Nr 1

Deretter starte ein med orientering frå Bodhild Laastad vedkomande sak 42. Den delen var felles med kontrollutvalet i Volda.

Sak 37 nr 2 vert å ta når kontrollutvalet kjem for sjølve.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/19	033	17.09.2019	02.10.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vart behandla i slik rekkefølge: 37 nr 1, 42, 37 nr 2, 41, 38, 39 og 40.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Stina Aasen Lødemel.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/19	049	17.09.2019	02.10.2019	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 16.09.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 16.09.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/19	033&17	23.09.2019	02.10.2019	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### Vedlegg

1. Frå bladet kommunerevisoren nr. 4 2019 « Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».
2. Kapittel 23. «Kontrollutvalgets virksomhet». Frå Lovdata

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/19	033&58	23.09.2019	02.10.2019	KS

## GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møtebøker.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenter finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssiikt.no/orsta/dmb>  
og på [www.vor.no](http://www.vor.no)

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet		
Eldrerådet	29.08	
Formannskapet	27.08	
Formannskapet som klageutval		
Formannskapet som klageutval - for klientsaker og barnehageopptak		
Kommunestyret	05.09	
Landbruksnemnda	04.04	<b>17.09</b>
Levekårsutvalet	21.08	
Råd for likestilling av funksjonshemma	28.08	
Sakkunnig klagenemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt		
Sakkunnig nemnd for taksering – av eigedomsskattobjekt	13.05	<b>12.09</b>
Samfunnsutvalet	19.06	
Samfunnsutvalet som – trafikktryggingnemnd	19.06	<b>17.09</b>
Ungdomsrådet		
Valstyret	19.03	<b>10.09</b>
Vilt- og innlandsfiskenemnda		
VØR IKS Styret	11.06	
VØR IKS Representantskapet	21.05	
VØR IKS Klageutvalet		
Retura Søre Sunnmøre AS		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>41/19</b>	217	23.09.2019	16.09.2019	KS/JS

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA

### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 30.08.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Kommunen bør utarbeide felles skriftelege rutinar/prosedyrar knytt til tildeling av heimebaserte tenester.
  2. Kommune må jobbe mot ein lik/felles praksis for dei ulike områda/sonene mht. utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.
  3. Kommunen må sørge for at ein sender ut skriftelege enkeltvedtak i alle sakene ein vel å revurdere (også i dei ein ikkje endrar tenestetilbodet).

4. Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. inn- og utkvittering av tenester.
  5. Kommunen må vurdere tildelingskontoret sitt ansvar og rolle mht. heimebesøk hjå brukar samt utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.
3. Kommunestyret ber rådmannen sjå til at forvaltning av tildeling av alle tenester vert samla på tildelingskontoret.
4. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.01.2020**.

### **Vedlegg**

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Ørsta kommune*, datert 30.08.2019. Motteke 20.09.2019.

### **Saksopplysning**

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Ørsta kommune gjorde i sak 17/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til heimesjukepleie. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

### Problemstilling:

Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak, og er vedtak gjort i samsvar med lov, regelverk og rutinar?

- Har kommunen gode rutinar for å sikre sakshandsamingsprosessen?
- Låg det føre skriftleg enkeltvedtak og tilfredsstiller desse krava mht. informasjon, form og innhald?
- Har alle brukarane fått oppretta tiltaksplan og er tiltaksplanen i samsvar med enkeltvedtaket?
- Er den journalførte tenesta (utførte) i samsvar med tiltaksplanen og enkeltvedtak?

Revisjonen konkluderer med (side 4 - 5 i rapporten):

### **Deskriptiv analyse:**

Ein prøvde for 2018 med utgangspunkt i sakshandsamingssystemet Gerica å samanlikne den samla vedtakstida for alle brukarane opp i mot den estimerte tiltakstida dei hadde, samt kor mykje tid heimesjukepleia hadde journalført på brukarane. Det viste seg at det ikkje var mogeleg å hente ut korrekt informasjon frå systemet på ein enkel måte.

I tillegg har ein henta ut relevante KOSTA-tal som går fram i kap 5.

### **Sakshandsamingsrutinar:**

Kommunen har mange forskjellige ansvarsområde mht. sakshandsaming og tildeling av heimetenester (heimesjukepleie) og ein såg forskjellig praksis i høve detaljgrad og oppfølging av enkeltvedtak. Kommunen bør jobbe mot ein lik/felles praksis for dei ulike områda/sonene og

vurdere tildelingskontoret sitt ansvar og område mht. heimebesøk hjå brukar samt utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.

Kommunen bør vurdere å utarbeide felles skriftelege rutinar/prosedyre knytt til tildeling av heimebaserte tenester.

#### **Sakshandsamingstid:**

Gjennomgangen viste at det stort sett var kort sakshandsamingstid frå søknad til det låg føre enkeltvedtak i sakshandsamingssystemet. Tenesta har vore sett i verk innan forsvarleg tid då tenesta var starta opp før eller kort tid etter at søknad om tenestae var motteke . Ein vurderer derfor sakshandsamingstida som tilfredsstillande, og kommunen ser ut til å komme raskt i gong med å yte teneste til brukarane.

#### **Utsending av enkeltvedtak:**

Gjennomgangen viste at i to av dei 20 kontrollerte sakene låg det ikkje føre postjournalvedtak (begge re-vurderingar). I ei av dei to sakene burde det reint formalt vore utarbeida og sendt ut nytt enkeltvedtak då ein såg at tenesta til brukaren hadde blitt endra. Derimot såg ein i alle dei kontrollerte sakene at brukaren hadde fått tenesta si.

#### **Enkeltvedtak; form og innhald:**

Alle vedtaka følgde same mal og i dei fleste var det vist til korrekt lovheimel. I høve kvaliteten og detaljegraden på vedtaka såg ein forskjellar mellom dei ulike områda/sonene.

Kommunen bør sørge for ein lik og felles praksis mht. vedtaksskriving og utforming, jamfør saksbehandlingsrutinar.

#### **Re-vurdering av vedtak:**

Med omsyn til re-vurdering av vedtak var det forskjellig praksis og avvik. Kommunen bør derfor få på plass felles rutinar i høve oppfølging, re-vurdering med tilhøyrande journalføring. Det bør være praksis vere praksis å sende ut skriftelege enkeltvedtak i alle sakene ein revurderer og så ved dei som er revurderte, men uendra tenestetilbod. Kommunen bør og ha felles rutinar med omsyn løpande oppdatering/re-vurdering av vedtak til alle brukarane.

#### **Tiltaksplan:**

Gjennomgangen viste at det i stor grad var samsvar mellom utført teneste og tiltaksplanen til brukaren, men ein såg forskjellig praksis mht. inn- og utkvittering av tenesta. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis blant dei tilsette mht. inn- og utkvittering av tenester.

#### **Samsvar mellom vedtak og tiltaksplan:**

Ein kontrollerte informasjonen i vedtaka mht. til kva tenester brukaren hadde fått vedtak om og kontrollerte dette opp i mot tiltaksplanen til vedkomande for å sjå om det var samsvar mellom vedtak og tiltaksplan. I seks av dei 20 sakene såg ein vesentlege endringar mellom tiltaksplanen og enkeltvedtaket, medan 14 av dei 20 sakene såg ein i stor grad samsvar mellom vedtak og tiltaksplan.

#### **Anbefalingar i frå revisjonen (side 23 i rapporten):**

1. Kommunen bør vurdere å utarbeide felles skriftelege rutinar/prosedyrar knytt til tildeling av heimebaserte tenester.
2. Kommune bør jobbe mot ein lik/felles praksis for dei ulike områda/sonene mht. utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.

3. Kommunen bør sørge for at ein sender ut skriftelege enkeltvedtak i alle sakene ein vel å revurdere (også i dei ein ikkje endrar tenestetilbodet).
4. Kommunen bør sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. inn- og utkvittering av tenester.
5. Kommunen bør vurdere tildelingskontoret sitt ansvar og rolle mht. heimebesøk hjå brukar samt utarbeiding og oppfølging av enkeltvedtak.

**Rådmannen sin kommentar (side 24 i rapporten):**

Då har vi fått samrådd oss litt, og sett på rapporten.

Ørsta kommune tek forvaltningsrevisjonsrapporten til vitande, og vil bruke denne til læring og forbetningsarbeid.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/19	026	26.09.2019	02.10.2019	KS/JS

**SELSKAPSKONTROLL AV VØR IKS**

**Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret tek selskapskontrollen av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR IKS) del 1 og 2 til vitende.
2. Kommunestyret ber om at VØR IKS følger revisor sine anbefalingar i del 1.
3. Kommunestyret ber rådmannen leggje fram ny sak om Rutinar for kommunen si eigarstyring, med utgangspunkt i Kommunenes Sentralforbund (KS) sine anbefalingar.
4. Kommunestyret pålegg representantskapet (Ørsta sine medlemmer) å sjå til at VØR følger revisor sine anbefalingar i del 2, og gir tilbakemelding til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.

**(Revisor sine anbefalingar er i saka merka med gult)**

**Vedlegg**

Selskapskontroll i Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, utarbeida av Bodhild Laastad:

Del 1 av 18.09.2019

Del 2 av 23.09.2019

**Saksopplysningar**

Rapporten er bestilt av kommunestyra i Volda og Ørsta etter innstilling frå kontrollutvala.

Del 1 omfattar eigarskapskontroll eller eigarskapsdelen.

Del 2 omfattar etterleving av sjølvkostprinsippet.

Del 1 er litt ulik for dei to kommunane, medan del 2 som går på selskapet er lik.

**DELRAPPORT 1 – EIGARSKAPSKONTROLL**

Vi viser til rapporten, for kortversjon til samandraget.

Innhaldsoversikta i rapporten gjer og at det er lett å orientere seg.

Nedanfor vil vi vise til ulike punkt og sidetal i sjølve rapporten (ikkje samandraget) for dei ulike problemstillingane.

**Problemstilling 1 – Rutinar for kommunen si oppfølging av eigarinteressene sine**

## Har kommunen etablert gode rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteressene sine?

(Pkt. 2 side 19)

### Revisor sin konklusjon

(Pkt 2.18. Side 33 - 34).

Me har i problemstilling 1 gått gjennom kommunen sin rutine for eigarskapsstyring og halde den opp mot KS sine *Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll* for å sjå i kva grad kommunen sin rutine følgjer anbefalingane.

Me viser til avsnitta der revisor sine vurderingar framgår, og kan konkludera med at kommunen sin rutine på mange viktige område følgjer KS sine anbefalingar.

Me finn likevel grunn til å påpeika følgjande manglar i kommunen sin rutine:

- Rutinen omtalar ikkje opplæring av kommunestyrerepresentantane i eigarrolla.
- Rutinen nemner ikkje utarbeiding av eigarskapsmelding som oppfyller KS sine anbefalingar.
- Rutinen er ikkje tydeleg på at styringsdokumenta og avtalane som regulerer styringa av selskapa jamleg skal reviderast.
- Rutinen omtalar ikkje eigarmøte.
- Rutinen har ikkje med at frist for innkalling til møta i representantskapet skal vedtektsfestast.
- Rutinen inneheld ikkje reglar om at det skal brukast valkomite ved val av styre.
- Rutinen manglar fleire av dei tiltaka som KS anbefalar for å sikra nødvendig kompetanse i styra, som t.d. styreinstruks, eigenevaluering, styreseminar om roller, ansvar og oppgåver, årleg plan for styret og samla utgreiing om styring og leiing av selskapet i ein årsrapport.
- Rutinen følgjer ikkje KS si anbefaling om numeriske vararepresentantar til styre.
- Rutinen inneheld ikkje krav om at styret må etablere faste rutinar for å handtera moglege habilitetskonfliktar.
- Rutinen omtalar ikkje kva for prinsipp som skal liggja til grunn for godtgjering av styreverv.
- Rutinen inneheld ikkje krav om at selskapsstyra skal utarbeida og jamleg revidera etiske retningslinjer for selskapsdrifta.

### Anbefalingar frå revisor

(Pkt. 1.19. side 34 -35).

- Opplæring av kommunestyrerepresentantane i rolla som eigar av selskap.
- Utarbeiding og framleggjing av eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vert eit krav etter den nye kommunelova).
- Jamleg revidering av styringsdokumenta og avtalane som regulerer styringa av dei ulike selskapa.
- Eigarmøte.
- Vedtektsfesting av tilstrekkeleg og lovleg frist for innkalling til møta i representantskapet.
- Bruk av valkomité ved val av styre.



- Tiltak som kan bidra til å sikra nødvendig kompetanse i styra og betre oppfølging t.d. i form av styreinstruks, eignevaluering, styreseminar om roller, ansvar og oppgåver, årleg plan for styret og samla utgreiing om styring og leiing av selskapet i ein årsrapport.
- Bruk av numeriske vararepresentantar til styre.
- Faste rutinar i styret for å handtera moglege habilitetskonfliktar.
- Diskusjon i kommunestyret om kva for prinsipp som skal liggja til grunn for godtgjering av styrevern.
- Godtgjering av eigarrepresentantane skal fastsetjast og betalast av kommunen sjølv som eigar.
- Utarbeiding og jamleg revidering av etiske retningslinjer for selskapsdrifta.

## **Problemstilling 2 – Kommunen si utøving av eigarinteressene i VØR**

**Vert kommunen sine eigarinteresser i Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovregler og etablerte normer for god eigarstyring?**

(Pkt. 3. Side 36)

### **Revisor sin konklusjon**

(Pkt. 3. 3. Side 58-59).

I problemstilling 2 har me undersøkt i kva grad utøvinga av kommunen si eigarrolle overfor Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS i praksis oppfyller krav som følgjer av lov om interkommunale selskap, selskapet sine vedtekter og KS sine *Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*.

Me viser til dei avsnitta der revisor sin vurderingar framgår, og konkluderer med at kommunen sin praksis på mange område oppfyller dei ulike krava.

Likevel vil me påpeika følgjande manglar og forbettringspunkt:

- Kommunestyrerepresentantane synest å ha eit udekt opplæringsbehov i eigarrolla.
- Det er ikkje gjennomført val av styre kvart andre år slik vedtektene krev.
- Representantskapet har ikkje hatt føre sak om godtgjering til styret og representantskapet sidan 2004, og val av revisor sidan 2005.
- Den saka om eigarskapskontroll som vert lagt fram for kommunestyret årleg, oppfyller ikkje alle krava som vert stilt til ei eigarskapsmelding slik KS anbefalar.
- Generelt finn me at kommunestyret i relativt liten grad har hatt føre styringsdokument og avtalar som gjeld VØR.
- Det vert ikkje halde eigarmøte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar.
- Kommunen har i liten grad følgd KS si anbefaling om å velja sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i selskapet.
- Innkallingsfristen til møta i representantskapet er ifølgje selskapet sine vedtekter ikkje i samsvar med fristen på 4 veker som ligg nedfelt i IKS-lova.
- Det er uklart kva vurderingar som har lege ligg til grunn ved val av styre i selskapet. Det er mykje som tyder på at det er dei politiske maktforholda i kommunestyret som avgjer val av styre, og ikkje omsynet til selskapet sitt behov for kompetanse.

- Styret synest ikkje fullt ut å ha fått dekkja behovet for opplæring innan fagområdet renovasjon og selskapsdrift, styrerolla og det juridiske ansvaret som ligg på styremedlemmane.
- Resultatet av styreevalueringa vert ikkje kommunisert til representantskapet.
- Det vert ikkje brukt ei ordning med numeriske vararepresentantar.
- Ifølgje vedtektene er det representantskapet som skal fastsetja godtgjersla til seg sjølve. Det naturlege er at den vert fastsett og betalt av kommunestyret sidan representantskapet representerer kommunen som eigar og ikkje selskapet.
- Kommunestyret har ikkje hatt ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv.
- Kommunen sine eigarrepresentantar her ikkje registrert vervet i KS sitt styrevervregister.
- Selskapet sine etiske retningslinjer har ikkje vore behandla som eiga sak i styret i perioden 2015-2019, og dei kan såleis ikkje seiast å ha vore jamleg reviderte.

### **Revisor sin anbefaling**

(Pkt. 3.4 side 59-60).

- Kommunestyreprerrepresentantane bør få ytterlegare opplæring i rolla og ansvaret sitt som eigar av selskap.
- Kommunen og kommunen sine eigarrepresentantar bør sikra at representantskapet behandlar alle saker som dei er pålagde i vedtektene.
- Kommunen bør utarbeida og leggja fram eigarskapsmelding for kommunestyret (dette vert lovpålagt etter den nye kommunelova).
- Kommunestyret bør jamleg behandla styringsdokument og avtalar som gjeld Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.
- Det bør haldast eigarmøte mellom kommunen som eigar, styret og dagleg leiar.
- Kommunestyret bør vurdere om dei i større grad bør velja sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i selskapet.
- Frist for innkalling med sakliste til representantskapet må følgja IKS-lova og sendast ut minst fire veker før møtet.
- Kommunestyret som eigar bør syta for at omsynet til selskapet sitt behov for kompetanse vert vektlagt når eigarrepresentantane skal velja styre i selskapet, uavhengig av dei politiske maktforholda i kommunestyret.
- Styret må få tilstrekkeleg opplæring, særleg innanfor fagområdet renovasjon, selskapsdrift, styrerolla og det juridiske ansvaret som ligg på styremedlemmane.
- Styret bør leggja fram årsrapport om styring og leiing av selskapet til representantskapet. Her kan det vera naturleg å informera om resultatet av styreevalueringa.
- Det bør innførast ordning med numeriske vararepresentantar til styret.
- Godtgjersla til eigarrepresentantane i representantskapet bør fastsetjast av kommunestyret som eigar og betalast av kommunen og ikkje selskapet.
- Kommunestyret bør ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv.
- Dei som har verv knytt til VØR bør registrera alle verva sine i KS sitt styrevervregister.
- Selskapet sine etiske retningslinjer bør jamleg reviderast av styret.

### **Høyring**

Det ligg føre uttale frå:

**Styret i VØR** (Side 61).

KS sin «Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» er ikkje vedteke i kommunestyra i Volda og Ørsta, og er såleis ikkje styrande dokument for VØR. Revisjon med utgangspunktet i denne «Anbefalinga» manglar såleis legalitet, slik vi ser det. Å verte revidert på eit slikt ikkje gjeldande regelverk, opplever vi direkte urimeleg.

**Dagleg leiar i VØR (Side 62 - 65).**

Sjå aktuelle sider.

### **Vest kontroll sin kommentar**

Delrapport 1 går primært på kommunen i eigarrolla og korleis kommunen utøver eigarinteressene sine. Revisjonskriteria skal hentast frå autoritative kjelder, og anbefalingar om beste praksis vert rekna for å vera ei slik autoritativ kjelde. KS sine Anbefalingar om eierstyring, selskapsstyring og kontroll kan reknast som beste praksis. Ein er ikkje avhengig av at det skal føreliggja eit kommunalt vedtak for å kunna bruka desse anbefalingane som revisjonskriterium. I kommunen sin eigen rutine viser dei dessutan til KS sine anbefalingar fleire stader, og det kan tolkast som eit uttrykk for at kommunen aksepterer autoriteten i KS sine anbefalingar.

Rapporten gir klare signal til kommunen på forbetring av sin kontroll, ikkje berre VØR, med for alle selskap dei deltek i / er medeigar i.

Det kan og opplyst at kapittel 26. Eigarstyring i ny kommunelova er kome krav om eigarskapsmelding og kva den skal innehalde.

Rutinar for eigarskapsstyring, sist vedteken i kommunestyret i PS 51/16, bør gjennomgåast og oppjusterast på nytt.

### **DELRAPPORT 2 – ETTERLEVING AV SJØLVKOSTPRINSIPPET**

Vi viser til rapporten, for kortversjon til samandraget.

Innhaldsoversikta i rapporten gjer og at det er lett å orientere seg.

Nedanfor vil vi vise til ulike punkt og sidetal i sjølve rapporten (ikkje samandraget) for dei ulike problemstillingane.

Vi gjentek då i saka berre revisor sin anbefalingar.

#### **Problemstilling 1 – Etterleving av sjølvkostprinsippet**

**Følgjer Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS sjølvkostprinsippet ved prissetjing av renovasjonstenestene sine, og vert sjølvkostfonda handterte korrekt?**

(Pkt 2. Side 16)

#### **Revisor sin Konklusjon:**

(Pkt. 2.8. Side 35)

«I problemstilling 1 har me vurdert i kva grad VØR etterlever sjølvkostprinsippet for sjølvkostenestene hushaldsavfall og slam. Me har vurdert følgjande delar av sjølvkostregelverket:

- Kravet om rekneskapsmessig skilje mellom tenestene som er omfatta av sjølvkost, og dei som ikkje er det
- Kravet om sjølvkostkalkyle og sjølvkostrekneskap for hushaldsavfall og slam
- Sjølvkostfond

- Gebyrfastsetjinga
- Informasjon til eigarkommunane om sjølvkost, sjølvkostfond og fordelingar mellom kommunane

Me konkluderer med at selskapet til ein viss grad oppfyller kravet om rekneskapsmessig skilje gjennom den fordelinga mellom verksemdsområda hushaldsavfall, slam og utleige til RSS som skjer i eit eige rekneark utanfor sjølve rekneskapen. Selskapet ville ha oppfylt kravet om rekneskapsmessig skilje i større grad om dei hadde utnytta funksjonaliteten i rekneskapssystemet til å skilja mellom tenestene inne i sjølve rekneskapssystemet og i den løpande rekneskapsføringa.

Vidare konkluderer me med at sjølv om selskapet set opp ei fordeling mellom dei tre verksemdsområda når året er omme, oppfyller ikkje denne alle krav i sjølvkostregelverket. Rapporteringa av sjølvkostrekneskapen i KOSTRA-skjema 23 for hushaldsavfall er heller ikkje fullt ut korrekt. Merknadene våre til selskapet sine tal for sjølvkost trekkjer kva sin veg, og den samla nettoeffekten for dei tre åra er uvesentleg. Det vil seia at for dei tre åra sett under eitt synest det ikkje å vera store avvik mellom selskapet si utrekninga av det rekneskapsmessige årsresultatet for hushaldsavfall og slam og resultatet slik det ville ha vore ved korrekt utrekning av sjølvkostresultatet i samsvar med regelverket.

Vår gjennomgang viser at selskapet har separate sjølvkostfond for hushaldsavfall og slam, og at selskapet kvart år fører dei rekneskapsmessige resultaata for dei to tenestene mot sjølvkostfonda. Det vert rekna kalkulatorisk rente på begge sjølvkostfonda i samsvar med krava i regelverket. Me vil likevel presisera at det er eit utrekna sjølvkostresultat for dei to tenestene som skal først mot

sjølvkostfonda. Selskapet bør difor stilla opp sjølvkostrekneskap for både hushaldsavfall og slam for å fastslå kva resultat som skal først mot sjølvkostfonda.

Sjølvkostfond for hushaldsavfall er bygd ned i den femårsperioden me har sett på. Fondet har no ein negativ saldo som betyr at abonnentane skuldar selskapet gebyr. Dette må krevjast inn i dei neste åra. Sjølvkostfondet for slam har bygd seg opp i femårsperioden. For å etterleva regelverket om tilbakeføring i løpet av tre til fem år må selskapet dei næraste åra tilbakeføra for mykje innbetalte gebyr for slam til abonnentane.

Vår gjennomgang viser at kommunestyra i dei to eigarkommunane kvart år gjer vedtek om avfallsgebyr for det komande året slik avfallsforskrifta krev. Me meiner at kommunestyra fattar vedtak på eit noko mangelfullt saksgrunnlag sidan dei ikkje får framlagt nokon sjølvkostkalkyle som inneheld overslag over forventa gebyrinntekter og gebyrgrunnlag for hushaldningsavfall og slam og oversyn over dei tre til fem næraste åra.

Me konkluderer med at VØR delvis oppfyller informasjonskravet om resultatet av sjølvkosttenestene til kommunane for det som gjeld hushaldsavfall, men ikkje for det som gjeld slam.

Ingen av dei to kommunane viser sjølvkosttenestene renovasjon og slam i note til årsrekneskapane sine slik den kommunale rekneskapsstandarden *KRS 6: Noter og årsberetning* anbefalar.

Vidare vurderer me det slik at selskapet ikkje i tilstrekkeleg grad informerer om sjølvkostrekneskapane for hushaldsavfall og slam i årsmeldingane sine. Me meiner at selskapet burde laga ei oppstilling for hushaldsavfall og slam som tilsvarer notekravet til kommunane sine årsrekneskapar.

## **Revisor sin anbefaling til VØR**

(Pkt. 2.8. Side 36):

- Det bør etablerast eit rekneskapsmessig skilje mellom sjølvkosttenestene og dei tenestene som ikkje er underlagt sjølvkost, inne i sjølve rekneskapssystemet.
- Det bør stillast opp ein sjølvkostkalkyle for hushaldsavfall og slam kvart år som vert lagt ved budsjettsaka om avfalls- og slangebyr til kommunestyra.
- Det bør stillast opp sjølvkostrekneskap for hushaldsavfall og slam samla og for kvar kommune for seg når året er omme. Sjølvkostrekneskapen skal innehalda kalkulatoriske renter på bunden anleggskapital, og ikkje-henførbare kostnader skal haldast utanfor.
- Sjølvkostfonda må liknast ut over ein femårsperiode
- Oppstilling over sjølvkostresultatet for hushaldsavfall og slam tilsvarande notekravet i kommunale rekneskapar bør leggjast inn i selskapet si årsmelding.

Me vil også gi anbefaling til eigarkommunane om å ta inn noteoppstilling om sjølvkost for hushaldsavfall og slam som vist på s. 42-43 i KMD sin rettleiar. VØR bør utarbeida ei slik oppstilling og senda til kommunane.

## **Problemstilling 2 Tiltak mot kryssubsidiering**

**Kva tiltak er sett i verk for å hindra at det skjer kryssubsidiering mellom Vold og Ørsta Reinholdsværk IKS og selskapet sitt heileigde dotterselskap Retura Søre Sunnmøre AS, og i kva grad er tiltaka tilstrekkelege til å hindra kryssubsidiering?**

(Pkt. 3. Side 37)

### **Revisor sin Konklusjon:**

(Pkt. 3.4 Side 43)

«I problemstilling 2 har me undersøkt kva tiltak som er sett i verk mot kryssubsidiering mellom VØR og RSS. På bakgrunn av dei utleia revisjonskriteria, faktagrunnlaget og revisor sine vurderingar som me har gjort greie for ovanfor, konkluderer me med at VØR har sett i verk tiltak for å forhindra kryssubsidiering mellom sjølvkosttenestene og tenester som VØR yter overfor dotterselskapet RSS.

Det føreligg formelle avtalar for det forretningsmessige samkvemmet mellom dei to selskapa med detaljert prisliste og detaljert utrekningsgrunnlag for prisane.

Me finn at VØR har berekna fordelingsnøklar med detaljert talunderlag som grunnlag for å fordela inntekter og kostnader mellom dei tre verksemdsområda hushaldsavfall, slam og utleige til RSS.

Me har ikkje funne indikasjonar på kryssubsidiering mellom selskapa.»

### **Revisor sin anbefaling til VØR**

(Pkt. 3.4. Side 43)

«Me anbefalar selskapet å halda fram med jamleg å vurdere om fordelingsgrunnlaget mellom verksemdsområda er rimeleg og dekkande.»

## **Høyring**

Det ligg føre høringsuttale frå styret i VØR på side 44. Når det gjeld delrapport 2 står det:

«Selskapet slik styret ser det, kjem godt ut av kontroll av tilhøve Retura – VØR og sjølvkostrekneskapen, noko vi har hatt stor fokus på og er tilfredse med. Kravet om separate rekneskap slik rapporten tar til orde for, er berre kostnads og dermed gebyrdrivande, slik vi ser det. Dagens registrering er dekkane i høve lover og forskrifter, noko som eit korrekt sjølvkostrekneskap syner.»

I tillegg ligg det ved uttale frå dagleg leiar i VØR side 45 og 46.

**Møtet slutt.**

Sven Castberg  
- leiar -

Stina Aasen Lødemel  
-medlem-

**Møteprotokollen går til:**

Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar til orientering.  
Rådmann til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.